

Standard-vedtekter for nye skulesjakklag (SSL) i USF

1. Formål

Skulesjakklaget skal vera eit tilbod til sjakkinteresserte barn og ungdomar i/på skule. Laget skal utvikla interesse og forståing for sjakk og tilby et godt miljø for medlemene.

2. Tilknytning

Laget er medlem i Ungdommens Sjakkforbund gjennom Sjakkrets Ungdom. Laget har kontakt og utveksling med andre lag både innan kretsen og utanfor. Medlemene skal få høve til å delta i turneringar.

3. Medlemskap

Laget er ope for alle elevar på skulen, og for leiarar av sjakkaktivitetar i laget. Andre med naturleg tilknytning til skulen kan også vera medlem. Medlemskap er gyldig berre mot betalt kontingent. Alle medlemmer blir fortløpande innmelde i Ungdommens Sjakkforbund, og i respektive krets.

Styret kan nekta medlemskap eller utelukka personar som dei meiner skader miljøet. Vedtak om utelukking kan appellast til årsmøtet i laget.

4. Årsmøtet

Årsmøtet er klubbens høgaste organ. Det blir halde kvart år innan februar månad. Styret kallar inn til årsmøtet seinast 14 dagar på førehand.

Årsmøtet behandlar:

1. Val av møteleiar og referent.
2. Årsmelding.
3. Årsrekneskap.
4. Fastsetjing av kontingent.
5. Planar for året.
6. Forslag frå medlemene.
7. Val av styre. Styret blir valt for eitt år.

På årsmøtet har alle medlemene som har fylt 15 år, éi stemme kvar, og kan veljast til verv. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal, bortsett frå vedtektsendingar, som må ha 2/3 fleirtal og vedtak om oppløysing som må ha 3/4 fleirtal.

5. Styret

Styret er ansvarleg for lagsdrifta mellom årsmøta. Styret kan laga utval med spesielle ansvarsområde overfor styret. Leiaren kallar inn til styremøte og har spesielt ansvar for informasjon til medlemene.

6. Ekstraordinært årsmøte

Styret kallar inn til ekstraordinært årsmøte dersom minst 1/3 av medlemene, minst fem medlemmer, krever det. Eit ekstraordinært årsmøte blir kalla inn med minimum 14 dagars varsel, og kan behandla berre dei sakene som står oppførde i innkallinga.